




HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for mai 2013.

Distrikt 2305
Klubbnr. 12713

Årgang 48



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Jarle Kristiansen
Visepres: Karin S. Holstad
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Magnar Hatløy
Styremedlem: Barnhard Harkjerr
Styremedlem: Øystein Alme
Ansvarred.: Aage Nytun
Referent: Hans Gisle Holstad

Fødselsdagar i mai:

Halkjell Dahle	6. mai
Hanne Rognan	19. mai
Johan Ole Brandal	23. mai
Hans Otto Riise	27. mai
Sverre Jarl Ullstein	30. mai

Tidleg vår.

Vår vekte song i mitt sinn att!
Kjørra lauva på fjell !
Morgenon vakna ved midnatt,
Og fugleljod glitra om kveld !
Nyvekte, stråløygde blomar
Stod blide med skinande tår :
Våren sa det var sumar,
Men sumaren sa det var vår !

Johan H. Grimstad

Rotarymøte 6. mai.

Etter den tradisjonelle startsongen og nokre små informasjonar/opplysningars frå presidenten, var det **Kjell Mork**, ornitolog, lærar, lokalkjennar på «alt levande i naturen» som fekk ordet.

Han fortalte om dyr- og fuglelivet i kommunen generelt, men spesielt utviklinga av dette langs Hareidsvassdraget som han definerte frå fremste Rise og inste Snipsøyrdalen til Hareidsvika.

Han innleia med å slå fast at Grimstadvatnet i si tid truleg hadde vore eit skogsvatn. Og han brukte presten Hans Strøm, som i si tid ga ut boka "Beskrivelse over fogderiet Sundmøre" i 1766,- som kjelde.

Våtmark har ofte høg planteproduksjon som utgjer livsgrunnlaget for eit rikt dyreliv, blant anna fisk og fugl. Trugsmål mot desse områda er tørrlegging, vassdragsregulering, hamneanlegg og forureining. Også våtmarksområda i Hareid har lede av desse reguleringane i forhold til dyreliv og fugleliv, hevda han.

Plantelivet rundt Hareidsvassdraget har tidlegare vore unikt med m.a. dunkjevle, kjempesøtegras, takrør, og sævrosor, nøkkerose, vasslilje som m.a. kloakkutslep fra område lenger framme i dalen, har øydelagt mykje.

248 dyr/ fugleartar og 25 underartar er funne i kommunen og fleire er funne her for første gong i Norge. Ringand, blesand, myrsongar og viersongar. Også Svartstrupeunderart, og over 10 artar er funne som nye i vårt fylke. Gulirisk, fuglekongesongar, kvitvengesvartterne, amursvale, dvergflugesnappar, raudhalevarslar og taigatrust i tillegg til steppehaukbrunsongar, som er funne i dei siste 10-12 åra.

Grimstadvatnet (m/omland) var vatnet med flest andeartar i Norge. Men både desse og mykje anna har dei siste åra minka på.

Han var ikkje glad for at Hareidselva vart kanalisert. Han var også redd laushundar på Rotarystien, og Golfbana i Hovden som m.a. hadde hatt innverknad på bestanden av skoddefolen som der hadde hatt kanskje den største samling av desse på Sunnmøre.

Han nemnde også at oppturking av Hareidsmyrane reduserer måsekolonien som bestod av 5 artar som einaste i Norge (svartbak/sidesvans). Han nemnde også tap av elvemuslingkoloniar.

Til slutt fortalte han om ulike typer flaggermus (nord,vass,dverg), blåvengevassnymfe og eit voldsomt rikt insektsliv, om padder/froskar, og mykje meir.

For fuglar og dyr, var han skuffa over mykje av det som har skjedd i vassdraget, og avslutta litt oppgitt; "Einaste positive er oteren".

Rotarymøte 13. mai.

Rotarystien treng vedlikehald og vårarbeid. Det var tillyst dugnad med oppmøte ved Lisjebruha og i Kaldholen. Samla møtte 10-12 personar samt nokre av damene våre med vafler og kaffi. Noko skuffande frammøte, men resten av medlemane skal få ny sjanse til ny dugnad i juni.

Ved Lisjebruha vart det opparbeidd/grusa ein oppstillingsplass for eit kvilebord/ benk, og i Kaldholen var base for trille og ATV for å få meir grus på slitne parti nedover på Rotarystien.

No ligg det grusdungar i Kaldholen, ved sydenden av Grimstadvatnet og ved Lisjebruha, klare til å bli distribuerte utover i dugnaden i juni.

Rotarymøte 20.mai 2. pinsedag, og såleis ikkje møte.

Rotarymøte 27. mai.

I utgangspunktet programfritt.

Etter innleiingssongen, ynskte presidenten å bruka noko tid på nokre orienteringar:

I første rekke galt dette prosjektet Hareid Rotary har i Sierra Leone saman med ei rekke andre rotaryklubbar, også frå England, det såkalla «David School»-prosjektet. Hareid har her samarbeidd med Volda, og Hareid har ytt samla om lag 15000 kroner til prosjektet som stadig er i vekst.

Kort sagt: bygd skule, invistert i elektrisk anlegg, solcelle, bygger nye klasserom, samfunnet etablerer seg stadig sterkare rundt skulen. 380 elevar, medisindepotenter, fleire klasserom til hausten, syklar til elevane, betra helstenesta osb.

Presidenten orienterte også om Sommarcampen vi arrangerer saman med Herøy og Ulstein Rotaryklubbar.

I juni motteke vi 12 ungdomar frå utlandet som skal aktiviserast og gjevast ymse tilbod til i desse tre kommunane.

I Hareid er det snakk om besøk både på Jets og på Ishavsmuseet.

Han opplyste vidare at styret ville prøve å få sponsormidlar til det meste av dei utgiftene som fall på Hareid.

Det vart elles i møtet opplyst at vi på eit av møta i juni ville få besøk av vår tidlegare japanske utvekslingsungdom Azusa.

Resten av dette møtet gjekk til utveksling av nyhende og idear- rundt borda.